

| |
|-----------------------------|
| HORDALAND FYLKESKOMMUNE |
| Saknr. 200306858 Dok.nr. 14 |
| 20 JAN. 2004 |
| Arkivnr. 027 Saksh. |
| Eksp. |
| U.off. |



E39 Kyststamvegen - kommunikasjonsplan

18.01.2004

HOVEDMÅL – KVA VI VIL OPPNÅ

■ **Auka ramme**

Få Stortinget til å gi signal om ramme for statlege løyvingar til E39 Kyststamvegen i dei fire Vestlands-fylka i NTP 2006 - 2015 som følg opp handlingsprogrammet for NTP 2002 – 2011. I tillegg må forventast etterslep i faktiske løyvingar til E39 Kyststamvegen i perioden 2002 – 2005 leggjast til grunn for auka rammer.

- Samla ramme for perioden 2006 - 2009: 2 milliarder kroner
- Samla ramme for perioden 2010 - 2015: 3 milliarder kroner.

■ **Prioritering basert på regional utgreiing**

Få Stortinget til å gi tilslutning til ei utgreiing i regi av Vestlandsrådet med ei samla vurdering av delvis bompengefinansiering av aktuelle prosjekt på E39 Kyststamvegen i dei fire fylka. Målet er at Stortinget seinare tek stilling til ei samla "finansieringspakke" for E39 Kyststamvegen for heile planperioden som eiga sak, tilsvarande Bergensprogrammet.

ANDRE VIKTIGE MÅL

- **Ingen statleg styring av bompengefinansieringa**

Få Stortinget til å stadfeste at bruk av bompengefinansiering framleis må byggje på lokale og regionale initiativ og tilslutning.

- **Satsing på stamvegenettet utan kutt i riksvegmidlene**

Få Stortinget til å gjere vedtak om at auka satsing på stamvegnettet må komme gjennom auka rammer, og ikkje ved omfordeling av midlar frå det øvrige riksvegnettet.

- **Opprusting av stamferjenettet**

Få Stortinget til å stadfeste tidlegare vedtekne standardkrav til service på stamvegferjenettet, samt legge opp til fornying av ferjeflåten.

HOVEDBODSKAP

- Ein høgverdig kyststamveg er ein føresetnad for ei utvikling på Vestlandet prega av auka verdiskaping og sysselsetting, meir kostnadseffektive offentlege tenester og betre velferd for folk flest
- Dei fire vestlandsfylka er samde i satsinga på E39 Kyststamvegen, og vil prioritere tiltaka på bakgrunn av ei samla utgreiing i regi av Vestlandsrådet
- Vestlandet tek det meste av investeringane sjølv gjennom bompengar, men vi treng toppfinansiering frå staten for å kome i mål
- Skal den positive utviklinga i regionen halde fram trengs dei statlege løyvingane til E39 Kyststamvegen no – ikkje ein gong i framtida

ANDRE VIKTIGE BODSKAP

- Ein høgverdig kyststamveg er ein føresetnad for
 - betre framkome for næringsliv og for folk flest
 - auka trafikksikkerheit
 - styrking av sjøtransporten som fylgje av betre framkome til knutepunktshamnene
- "Minimumsbehovet" for utbetring av E39 Kyststamvegen er 7.000 mill. kroner – like mykje som Stortinget i 2000 skreiv av på gjelda til Gardermobanen
- Det totale investeringsbehovet for "akseptabel minstestandard" på E39 Kyststamvegen i dei fire Vestlandfylka er 10.660 mill. kroner. Fullgod standard i dei fire fylka, eksklusiv ferjeavløysing, vil koste 17.700 mill. kroner. Fram til 2015 kan vi investere det som trengs for å få "akseptabel minstestandard" med om lag x.xxx mill. kroner i statlege løyvingar og x.xxx mill. kroner i bompengar og annan finansiering.

MÅLGRUPPER - OVERORDNA

- Samferdselsdepartementet – dei som utarbeider og legg fram stortingsmeldinga
- Medlemmene i samferdselskomiteen
- Stortingsrepresentantane frå dei fire Vestlands-fylka
- Medlemmene i regjeringa frå Vestlandet
- Dei parlamentariske leiarane og andre sentrale støttespelarar i dei politiske partia på Stortinget
- Moglege støttespelarar i sentrale organisasjonar og i kunnskapsmiljøa
- Medlemmene i Vestlandsrådet
- Sentrale kommunepolitikarar i dei fire Vestlands-fylka
- Ordførarar og rådmenn/samferdselssjefar i alle kommunar i dei fire Vestlands-fylka
- Organisasjonar og større verksemdar på Vestlandet
- Media (både direkte og som kanal)

og:

- Allmennheten – spesielt i kommunar som E39 Kyststamvegen passerer

KOMMUNIKASJONSSTRATEGISKE HOVEDUTFORDRINGAR

7

- A Korleis vekkje interesse hos politikarane i og frå Vestlandet – og få dei til å handle?
- B Korleis vekkje interesse hos media – nasjonalt, regionalt og lokalt?
- C Korleis nå fram til beslutningstakarane utan å virke tradisjonell og "syttete" ?
- D Korleis sørge for oppslutnad og entusiasme på Vestlandet og tilstrekkeleg økonomisk armslag for å kunne gjennomføre dei tiltaka vi vil prioritere?

TILTAK

Tiltaka tek utgangspunkt i dei fire kommunikasjonsutfordringane. Vi vil bygge budskapen vår på det vi har kalt "Vestlandsperspektivet", og gjennom det få fram kvifor det er viktig å prioritere E39 no – og kva som trengs for å få ein akseptabel standard på vegen i denne planperioden. Fordi stortingspolitikarane er viktigaste målgruppa, er tiltak som treff dei høgt prioritert. Dette ligg til grunn anten vi treff dei direkte i formelle og uformelle møte, eller indirekte gjennom media. Dette er dei viktigaste tiltaka:

1. Direktekontakt med aktuelle politikarar.
 - Det er laga ei eiga plan for dette.
 - Alle fylka får formelle møter med samferdselskomitéen. Det er eit mål at hovedbudskapen i høve til E39 Kyststamvegen frå dei fire vestlandsfylka blir den same.
2. Medieoppslag – kronikkar og innlegg.
 - Også her er det laga eiga plan.
 - Både politikarar og leiarar i nærings- og organisasjonsliv må aktiviserast
3. Powerpoint-presentasjon av dei viktigaste punkta
4. Brosjyre med den same budskapen
5. Konferanse med utgangspunkt i "Vestlandsperspektivet"